



RAPPORT FRÅ KULTURHISTORISK REGISTRERING

Førde kommune, Vie gbnr. 43/2 – reguleringsplan for Vie sandtak



1. Botn av kokegrop i sjakt A sett mot N.

Kommune: Førde
Gardsnamn: Via
Gnr/Bnr: 43/2

Tiltakshavar: Linda og Thomas Vie, Arild Hornes

Namn på sak: Reguleringsplan for sandtak Vie.
Saksnummer: 07/5
Prosjektnummer:

Registrering utført: 27.10.11 **Ved:** Glenn Heine Orkelbog
Rapport utført: 03.01.12 **Ved:** Glenn Heine Orkelbog

Automatisk freda kulturminne i området: 2
kokegroper.

Registreringsnummer
A.id: 132169,
151808.

Nyare tids kulturminne i området:

Faglege konklusjonar:

Planen er ikkje i konflikt med kulturminne.

Automatisk freda kulturminne		Nyare tids kulturminne	
<input checked="" type="checkbox"/>	Planen er i konflikt	<input type="checkbox"/>	Planen er i konflikt
<input type="checkbox"/>	Ingen synlige, potensiale under bakken	<input type="checkbox"/>	Ikkje påvist til nå, nærare arkivsjekk krevjast
<input type="checkbox"/>	Ikkje vurdert	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje vurdert

Vidare saksgang (for sakshandsamar):

Registreringar		Merknadar	
<input type="checkbox"/>	Vidare reg. ikkje naudsynt	<input type="checkbox"/>	Ingen merknad
<input type="checkbox"/>	Vidare reg. naudsynt	<input type="checkbox"/>	Tilrår spesialområde
<input checked="" type="checkbox"/>	Reg. fullført	<input type="checkbox"/>	Tilrår dispensasjon
<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	Førebels uavklart

Merknadar:

BAKGRUNN FOR UTVIDA REGISTRERING

I 2009 gjennomførte Kulturavdelinga ei arkeologisk registrering ved varsel om oppstart for reguleringsplan for sandtaket på Vie. Registreringa vart utført for å oppfylle tiltakshavararundersøkningsplikt i § 9 i lov om kulturminne. Flataker Landskap og Arki AS utarbeidde på vegne av tiltakshavarar eit planforslag på vidare uttak av sand og grusmasser, samt vidareutvikling av sandtaket til bustader etter uttak av sand er avslutta.

Registreringa påviste automatisk freda kulturminne fordelt på to lokalitetsflater (A.id. 132169 og 132177). Lokalitet 1 (A.id.132169) er eit kokegropsfelt/aktivitetsområde C14 datert overgangen mellom førromersk jernalder og eldre romertid. Funna i form av kokegroper, avsveingslag, stolpehol og eit mulig stolpehol ligg hovudsaklig samla i planområdets søraustlige hjørne på gbnr. 43/2.

Sjakt 5 ligg om lag 25 – 30 meter lenger vest for dei øvrige funnførande sjaktene og utgjør slik sett lokalitet 1 si ytre avgrensing. I sjakt 5 vart det i 2009 påvist tre strukturar i form av fyllsjikt og nedgravingar. Det vart ikkje tatt ut C14 prøver frå strukturane i 2009. Strukturane vart i rapporten omtala som usikre i kva grad dei er automatisk freda eller ikkje.

Kulturavdelinga fann det derfor naudsynt å gjennomføre ei etterregistrering av sjakt 5 med det mål å få avklaring i kva type strukturar det er tale om samt å prøve å få ut ei C14 datering frå ein av strukturane.

OMRÅDET

Det undersøkte området ligg på Via gbnr. 43/2 i Førde kommune. Området er slåttemark som ligg på eit flatt platå oppe på ei sand og grus morene. Flata heller svakt mot vest og er avgrensa av

bratte skråningar skapt av sanduttak i sør vest og i nord.




2. Kart og flyfoto over planområdet.

UNDERSØKINGA

Undersøkinga vart utført av Glenn Heine Orkelbog. Sju timar vart nytta i felt og sju timar vart nytta på etterarbeid. Førde Entreprenørservice stilte med gravemaskin og maskinførar. To C14 prøver vart sendt til datering.

Stratigrafi

Jordsmonnet på slåttemarka er skrinn og består av 20 - 25 cm lys brun minerogen matjord over raudlig sand og grus (aur). Under auren førekjem det lys grå sand/silt.



3. Oversiktskart over lokalitetsflater (raude), sjakt A (grøn) og sjakt B (blå).

Sjakt A

Undersøkinga tok utgangspunkt i å opne opp at sjakt 5 frå 2009. Den nye sjakta (A) vart ikkje lagt direkte oppå sjakt 5 men kant i kant med sjakt 5 sin austlige profil. Sjakt A ligg slik sett på innsida av sjakt 5. Tanken bak dette var å betre få avdekka struktur 26. eit fyllsjikt påvist i sjakt 5 i 2009. S. 26 låg den gong i sjakt 5 sin austlige profil. Den nye sjakt A skulle dermed treffe rett på S. 26.

Sjakt A måler 2 x 8 meter og er som sjakt 5 orientert mot SV/NA.

To strukturar vart påvist:

A1, steinopptrekk (avskrive):

A 1 er ein rundoval raudlig struktur som ligg ca. 5 meter frå sjakt A sin sørlige ende og inntil den austlige profilen. I plan kunne strukturen fram stå som eit stolpehol, men eit snitt syner at det er snakk om eit steinopptrekk. A1 vart derfor avskrive.

A2, botn av kokegrop:

A2 er rund i forma og måler 120x120 cm. Strukturen ligg ca. 7 meter frå sjakt A sin sørlige ende og ca. 40 cm frå den vestlige profilen. Den austre halvdel er vekk pløgd. Den vestre halvdel består av lys grå siltig masse (oske) med høg trekolkonsentrasjon og nokre få skjorbrende steinar. A2 er botnen av ei delvis vekk pløgd kokegrop. Ei C14 prøve vart teken ut i plan. Prøva tidedestiar kokegropa til 1370 - 1130 f. Kr. som svarar til overgangen eldre/ynge bronsealder. Strukturen er automatisk freda.

A2 syner at lokalitetsavgrensinga på lokalitet 1 sett i 2009 framleis er gjeldande. Fråveret av funn i sjakt 5 frå 2009 har slik sett trulig bakgrunn i eit skrint jordsmonn kombinert med jordbruksverksemd.



4. A2 kokegrop sett mot A.

S.26 fyllsjikt:

S. 26 vart ikkje påvist i plan i sjakt A, men eit mørkare sjikt var synlig i den vestlige profilen om lag der S. 26 skulle ligge. Det syner at S. 26 si utbreiing mot aust ikkje er fullt like stor som forventa. Med funnet av ein sikker struktur i form av kokegropa A2 vart det ikkje prioritert å bruke meir tid på dokumenteringa av S. 26.

Sjakt B og avgrensing av lokalitet 1

Sjakt B vart opna som ein konsekvens av funnet i sjakt A. Sjakt B vart lagt på tvers av lengderetninga til sjakt A ut i frå sjakt A sin nordlige ende. Sjakt B ligg derfor orientert mot aust/vest. Hensikta til sjakt B var å få verifisert at lokalitet 1 (A.id 132169) sin avgrensing i aust/vestlig retning er gjeldande.

Sjakt B måler 2 x 30 meter, der den austligaste enden ligg ca. 8 meter vest for sjakt A si austlige langside. To strukturar vart påvist. Strukturane utgjer ei eiga lokalitetsflate, lokalitet 3 (A.id 151808).


B1, fyllsjikt/nedgraving:

B1 er eit trekantforma fyllsjikt/nedgraving som består av mørkare grålig sand og siltig masse iblanda litt trekol. Strukturen ligg 7 meter frå sjakt B sin vestligaste ende og måler 2 x 1,5 meter. Ei C14 prøve vart teken ut, men denne inneheldt for lite trekol til at den kunne daterast.

B2, trekolsjikt (botn av kokegrop)

B2 er ein halvmåneforma struktur som måler 90 x 40 cm. Strukturen ligg 2,5 meter aust for B1 om lag midt i sjakt B, 70 cm frå den nordlige profilen og 80 cm frå den sørlige profilen. Strukturen består av lys siltig masse med ein trekolkonsentrasjon i den austre enden. Trekolkonsentrasjonen i strukturen er høg og ei C14 prøve vart tatt ut. Prøva er datert til 800 - 600 f.Kr. som svarar til overgangen yngre bronsealder og førromersk jernalder. Dateringa, forma og at B2 inneheld dei same massane som i A2 (kokegrop) tyder på at B2 representerer botn av ei delvis vekk pløgd kokegrop.

Funna i sjakt B ligg om lag 30 meter vest for lokalitetsavgrensinga til lokalitet 1. Kulturminna er delvis øydelagde, men syner oss at ein større del av flata på Vie har vore nytta i førhistoria enn kva som kjem fram av dei arkeologiske undersøkingane. Ein må derfor gå ut i frå at spreidde funn av førhistoriske kulturminne førekjem over heile flata, men at desse i større og mindre grad vil vere prega av det skrinne jordsmonet og landbruksverksemd.



5. B1, fyllsjikt/nedgraving.

6. B2 botn av delvis vekk pløgd kokegrop.

KONKLUSJON

Etterundersøkinga hadde som mål å få ei avklaring i dei uklare strukturane i sjakt 5, og dermed få eit klart inntrykk av om lokalitetsavgrensinga frå 2009 framleis er gjeldande. I sjakt A som låg aust for og parallelt med sjakt 5 frå 2009 vart ei kokegrop C14 datert til bronsealderen påvist. Kokegropa i sjakt A syner at lokalitetsavgrensinga på lokalitet 1. framleis er gjeldande.

Funnet av kokegropa i sjakt A innebar eit behov for ytterligare avgrensing av lokalitet 1. Dette vart løyst ved å legge sjakt B rett ut frå lokalitetsgrensa i aust/vestlig retning. To strukturar vart påvist i form av eit fyllsjikt og ei delvis vekk pløgd kokegrop. Kokegropa (B2) er C14 datert til overgangen yngre bronsealder og førromersk jernalder. Strukturane ligg mot enden av sjakt B om lag 38 meter vest for lokalitetsavgrensinga til lokalitet 1. Funna er skilt ut som ein eigen lokalitet, lokalitet 3 (A.id 151808).

At nye funn vert gjort utan for dei funnførande areala registrert i 2009 syner at heile flata har vore teke i bruk i forhistorisk tid. Det skrinne jordsmonnet sett i samband med jordbruksaktivitet har nok medført at ein del av kulturminna har gått tapt eller er delvis øydelagde, slik ein ser på kokegropa B2. Ein må derfor gå ut i frå at funntettleiken har vore langt høgare enn kva den fram står som i dag.

Førde 03.01.2012

Glenn Håke Orkedal

arkeolog

VEDLEGG

Figurliste:

Nr.	Motiv	Retning	Dato	Fotograf
1	<i>Sjakt A mot N (framside).</i>	<i>N</i>	<i>27.10.2011</i>	<i>GHO</i>
2	<i>Flyfoto + oversiktskart.</i>		<i>27.10.2011</i>	<i>GHO</i>
3	<i>Kart over lokaliteter og sjakt A + B.</i>		<i>27.10.2011</i>	<i>GHO</i>
4	<i>Kokegrop A2.</i>	<i>A</i>	<i>27.10.2011</i>	<i>GHO</i>
5	<i>B1 fyllsjikt.</i>	<i>N</i>	<i>27.10.2011</i>	<i>GHO</i>
6	<i>B2. botn av kokegrop.</i>	<i>N</i>	<i>27.10.2011</i>	<i>GHO</i>

Strukturliste:

Nr.	Struktur	Aut. fredda	Tilstand
<i>A1</i>	<i>Steinopptrekk</i>	<i>Avskrive</i>	
<i>A2</i>	<i>Kokegrop</i>	<i>Ja</i>	<i>Skadd</i>
<i>B1</i>	<i>Trekolsjikt</i>	<i>Ikkje dat.</i>	.
<i>B2</i>	<i>Kokegrop</i>	<i>Ja</i>	<i>Skadd</i>

C14 prøver:

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Mr. Glenn Heine Orkelbog

Report Date: 12/16/2011

Sogn Og Fjordane Fylkeskommune-Kulturavdelinga

Material Received: 11/14/2011

Sample Data	Measured Radiocarbon Age	¹³ C/ ¹² C Ratio	Conventional Radiocarbon Age(*)
Beta - 309774 SAMPLE : VIE SJA A2 ANALYSIS : RadiometricPLUS-Standard delivery MATERIAL/PRETREATMENT : (charred material): acid/alkali/acid 2 SIGMA CALIBRATION : Cal BC 1370 to 1340 (Cal BP 3320 to 3290) AND Cal BC 1320 to 1190 (Cal BP 3270 to 3140) Cal BC 1180 to 1150 (Cal BP 3130 to 3100) AND Cal BC 1150 to 1130 (Cal BP 3100 to 3080)	2980 +/- 30 BP	-24.0 o/oo	3000 +/- 30 BP

CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: C13/C12=-24;lab. mult=1)

Laboratory number: Beta-309774


Conventional radiocarbon age: 3000 ± 30 BP

2 Sigma calibrated results: Cal BC 1370 to 1340 (Cal BP 3320 to 3290) and
(95% probability) Cal BC 1320 to 1190 (Cal BP 3270 to 3140) and
Cal BC 1180 to 1150 (Cal BP 3130 to 3100) and
Cal BC 1150 to 1130 (Cal BP 3100 to 3080)

Intercept data

Intercept of radiocarbon age
with calibration curve: Cal BC 1260 (Cal BP 3210)

1 Sigma calibrated result: Cal BC 1300 to 1210 (Cal BP 3250 to 3160)
(68% probability)



References:

Database used

INTCAL09

References to INTCAL09 database

Heaton et al., 2009, *Radiocarbon* 51(4):1151-1164, Reimer et al., 2009, *Radiocarbon* 51(4):1111-1150,

Stuiver et al., 1993, *Radiocarbon* 35(1):137-189, Oeschger et al., 1975, *Tellus* 27:168-192

Mathematics used for calibration scenario

A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates

Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, *Radiocarbon* 35(2):317-322

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4995 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • E-Mail: beta@radiocarbon.com

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Mr. Glenn Heine Orkelbog

Report Date: 12/1/2011

Sogn Og Fjordane Fylkeskommune-Kulturavdelinga

Material Received: 11/14/2011

Sample Data	Measured Radiocarbon Age	$^{13}\text{C}/^{12}\text{C}$ Ratio	Conventional Radiocarbon Age(*)
Beta - 309773 SAMPLE : VIE SJB B2 ANALYSIS : AMS-Standard delivery MATERIAL/PRETREATMENT : (charred material): acid/alkali/acid 2 SIGMA CALIBRATION : Cal BC 800 to 750 (Cal BP 2750 to 2700) AND Cal BC 680 to 670 (Cal BP 2630 to 2620)	2570 +/- 30 BP	-25.4 o/oo	2560 +/- 30 BP

CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: $\text{C}^{13}/\text{C}^{12} = -25.4$; lab. mult=1)

Laboratory number: Beta-309773


Conventional radiocarbon age: 2560±30 BP

2 Sigma calibrated results: Cal BC 800 to 750 (Cal BP 2750 to 2700) and
(95% probability) Cal BC 680 to 670 (Cal BP 2630 to 2620) and
Cal BC 610 to 600 (Cal BP 2560 to 2550)

Intercept data

Intercept of radiocarbon age
with calibration curve: Cal BC 780 (Cal BP 2730)

1 Sigma calibrated results: Cal BC 790 to 760 (Cal BP 2740 to 2720) and
(68% probability) Cal BC 680 to 670 (Cal BP 2630 to 2620)



References:

Database used

INTCAL09

References to INTCAL09 database

Heaton, et al., 2009, Radiocarbon 51(4):1151-1164, Reimer, et al., 2009, Radiocarbon 51(4):1111-1150.

Stuiver, et al., 1993, Radiocarbon 35(1):137-189, Gieschler, et al., 1975, TeBus 27:168-192

Mathematics used for calibration scenario

A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates

Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, Radiocarbon 35(2):317-322

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0961 • E-Mail: beta@radiocarbon.com